# Utviklingsprosjekt NAV region Sogn

Sogn regionråd

19. februar 2021

Frode Henden, prosjetleiar, frode.henden@nav.no, mobil 918 35 704



# Bakgrunn for prosjektet

Etablering av NAV Vestland inndelt i 9 regionar.

Mål om å byggje opp NAV region Sogn til ein sjølvstendig region med eit sterkt fagmiljø som kan levere NAV-kontortenester på tvers av kommunegrensene innan regionen.

# Regionar i NAV Vestland 2020

| Regionnavn | NAV-kontor frå 2020 |
|---|---|
| Bergen | Bergen Nord, Bergen Sør, Bergen Vest, Årstad, Bergenhus |
| Sunnhordland | Stord, *Etne (til Vindafjord ila året)*, Sveio, Bømlo, Fitjar, Tysnes, Kvinnherad |
| Voss og Hardanger | Voss, Ullensvang, Eidfjord, Ulvik, Kvam, Vaksdal |
| Midthordland | Bjørnafjorden, Samnanger, Austevoll |
| Vest | Askøy, Øygarden |
| Nordhordland | Alver, Osterøy, Solund, Fensfjorden *(samarbeid ml. Masfjorden, Gulen, Austrheim, Fedje og Modalen)* |
| Sunnfjord | Sunnfjord, Kinn, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Askvoll |
| Sogn | Sogndal, Vik, Aurland, Lærdal, Årdal, Luster |
| Nordfjord | Stryn, Stad, Gloppen, Bremanger |



# Prosjektet sine føremål og mål

Mål:

Sikre og vidareutvikle heilskapelege NAV-tenester for brukarane i region Sogn

Føremål:

1. Etablere regional struktur på NAV-kontortenestene
2. Gje ny giv for kompetanseutvikling
3. Avdekke behovet til lokale og regionale bedrifter og bransjar

# Prosjektet sitt omfang og avgrensningar

Prosjektet omhandlar statlege og kommunale tenester, kompetanseutvikling av medarbeidarane, organisering av NAV-kontora i regionen og avdekke trongen for tenester til bedrifter og bransjar i regionen.

Prosjektperioden varer t.o.m 31.12.2022

# Styringsgruppa

- Alle rådmennene
- Direktør og ass. direktør NAV Vestland
- Leiar NAV region Sogn
- Tillitsvalde stat og kommune
- Regionverneombod



Stig Stark-Johansen, kommunedirektør Årdal
Leiar styringsgruppa

# Utfordringar region Sogn

- Folketalsveksten stoppar opp
- Folkesetnaden vert eldre/ færre unge
- Ulik utvikling i kommunane våre syner nasjonale prognosar

- Konsekvensar
  - Tilgang på nok kvalifisert arbeidskraft, privat og offentleg
  - Oppretthalde livskvalitet og tenester til innbyggarane våre



**Guri fryktar for legetilbodet: – Det er svært alvorleg og eg tek gjerne imot gode råd**

KREVJANDE: - Det er svært krevjande å fylla legebehovet, seier tenesteleiar Guri Olsen. Foto: Privat

Av Kai Martin Brekke 22. juli 2020, kl. 05:00

Aurland kan bli ståande utan legar i to av tre faste stillingar. Tenesteleiar Guri Olsen fortvilar.

DEL

– Det er vanskeleg å rekruttera legar til distrikta, og til allmennlegetenesta generelt, seier Olsen.

Annonsørinnhold bama

# Mandat

- **Sikre at arbeidsgjevarane i Sogn får betre tilgang på kvalifisert arbeidskraft.**

**Hypotesar**

- Vi har eit unytta potensial for arbeidskraft i menneskjer busett i Sogn som er heilt eller delvis utanfor arbeidslivet.
- Vi har eit unytta potensial i betre kunnskap om behovet i marknaden og samarbeid med arbeidsgjevarane i Sogn.
- Vi har eit unytta potensial i betre samarbeid med andre aktørar for å kunne gje samtidig bistand for å hjelpe menneskjer til jobb eller utdanning.
- Vi ser i for liten grad Sogn som ein felles bu- og arbeidsmarknad i møte med brukarar og næringsliv.

# Mandat

- **Sikre gode likeverdige tenester til brukarar og næringsliv i regionen**

**Hypotesar**

- Vi har små og sårbare fagmiljø i kontora våre som gjer det utfordrande å levere likeverdige tenester med god kvalitet frå alle kontor.

- Vi klarar ikkje å bygge, vedlikehalde og tilby god oppdatert kompetanse innanfor alle fagfelt i kvart kontor.

# Prosjektfasar

**Førebuing**

Etablere eigarskap til mandat og metodikk

Gjennomføre opplæring

**Analyse**

Korleis er situasjonen no?

Kva er eigentleg problemet?

**Løysings-utvikling**

Korleis vil vi ha det?

Kva må vi gjere for å få det til?

Korleis kan vi vite at vi har lukkast?

**Innføring**

Teste og evaluere ulike tiltak

Innføre dei tiltaka som gjev oss ønska resultat (gevinst-realisering)

**Kontinuerleg forbetring**

Halde fram med å bruke metodikk og verktøy for å skape kontinuerleg forbetring

**Prosjektleiing**

| Mandat | Analyserapport 9.april | Løysingsrapport Sommar 2021 | Sluttrapport Oktober 2022 | Oppfølging og evaluering Ultimo 2022 |
|---|---|---|---|---|

# Vi er midt i analysefasen- medarbeidarundersøking



# Vi er midt i analysefasen – ekstern spørjeundersøking



# Analysefasen – aktivitetar komande månad

- Intervju med NAV – kontor leiarar
- Intervju med nokre bedrifter, inkl kommunale som supplement til bedriftsundersøkinga, vekt på rekrutteringsutfordringar
- Intervju med nokre medarbeidarar som supplement til medarbeidarundersøkinga
- Brukarane våre: Vi har den nasjonale brukarundersøkinga som har data på regionnivå
- Vi planlegg dialogmøteform med ungdom spesielt
- Møte med ulike samarbeidspartar
- Workshops for å grave litt djupare i funna vi har gjort så langt
- 9. april- analyserapport presentert for styringsgruppa